



Arkivnr: 2014/417-1

Saksbehandlar: Nils Vetlesand

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|----------|
| Fylkesutvalet | | |

Bruk av justeringsmodellen innanfor meirverdiavgiftsområdet

Samandrag

Fylkesrådmannen foreslår i saka at fylkeskommunen tek i bruk den såkalla justeringsmodellen innanfor meirverdiavgiftsområdet. Modellen medfører at fylkeskommunen over ein 10-års periode kan få kompensert meirverdiavgifta som private utbyggjarar har lagt ut ved bygging av fylkeskommunale anlegg t.d. fylkesveg. Opplegget er at fylkeskommunen inngår avtale med utbyggjaren om overføring av meirverdiavgifta som fylkeskommunen får kompensert. Dette vil redusera private utbyggjarar sine meirverdikostnader og medverka positivt til å få gjennomført fleire prosjekt.

I saka er det forslag om at fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtalar etter justeringsmodellen.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen kan inngå avtalar etter justeringsmodellen.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale med utbyggjar og vurdera eventuelt krav om dekking av administrative kostnader.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Stiansen
fylkесdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.01.2014

Bakgrunn

Orion Prosjekt AS (tidlegare Walde Utbygging AS) har søkt om å inngå avtale med Hordaland fylkeskommune for å få redusert meirverdiavgiftskostnaden i samsvar med den såkalla justeringsmodellen.

Selskapet har, i samsvar med rekkefølgjekrav i reguleringsplanen, gjennomført opprustningsarbeid av Fv 197 Håkonshellavegen i samband med utbygging i området. Selskapet sine meirverdikostander er estimert til å vera i storleiken 3-4 mill. kr. Fylkeskommunen har overteke den opprusta vegen i mai 2013.

Justeringsmodellen

Private utbyggjarar kan i medhald av plan- og bygningslova få krav om å opparbeida offentleg infrastruktur ut frå kva som er nødvendig for at den konkrete utbygginga skal kunna gjennomførast. Krava er utforma i rekkefølgjevilkår i reguleringsplanar, og gjeld t.d. vegar, parkar, leikeareal som må byggjast for at utbyggjar skal få realisere t.d. bustadblokker, næringsbygg el. likn.

Det er i mange høve rasjonelt at utbyggjar sjølv står som byggherre for infrastrukturtiltaka. Då har vedkommande sjølv styring på kva som skal gjennomførast når, og har sjølv ansvaret for at nødvendige rekkefølgjetiltak er oppfylte i samsvar med reguleringsplanen. I slike tilfelle kan det vera aktuelt å nytta justeringsmodellen.

Hovudpunktata i justeringsmodellen er følgjande:

- utbyggjar prosjekterer, byggjer og kostar infrastrukturanelegga
- utbyggjar betalar meirverdiavgift til staten på vanleg måte for utført arbeid
- det kan inngåast avtale mellom utbyggjar og fylkeskommunen om overføring av såkalt «justeringsrett» for meirverdiavgift
- arealet der tiltaket er utført, i dette tilfellet ein fylkesveg, vert overført vederlagsfritt til fylkeskommunen
- når fylkeskommunen har overteke anlegget/eigedomen, og det er inngått avtale etter justeringsmodellen mellom fylkeskommunen og utbyggjar, kan ein gjennomføra ei såkalla «justering» av meirverdiavgifta
- justeringa inneber at fylkeskommunen kan krevja refundert frå staten den meirverdiavgifta som utbyggjar har betalt til staten i samband med bygginga
- fylkeskommunen kan vidarebetala heile eller delar av den refunderte meirverdiavgifta til den aktuelle utbyggjaren
- fylkeskommunen sin avgiftsposisjon kan følgjeleg koma utbyggjar til gode
- tilbakebetaling av meirverdiavgifta skjer over ein periode på 10 år med 1/10 årleg

Fylkesrådmannen viser elles til vedlagde utkast til avtale mellom fylkeskommunen og utbyggjarar utarbeidd av Deloitte ASA.

Fylkesrådmannen sine merknader

Justeringsmodellen er til no ikkje nytta i fylkeskommunen og saka vert lagt fram for å avklara om ein ynskjer å ta i bruk dette verkemiddelet.

Etter fylkesrådmannen sitt syn vil ein ved å bruka justeringsmodellen redusera private utbyggjarar sine meirverdikostnader. Dette vil medverka positivt til å få gjennomført fleire prosjekt og slik medverka til vekst og utvikling kring i fylket. Fylkesrådmannen rår difor ut frå dette til at justeringsmodellen vert teken i bruk i fylkeskommunen.

Det må inngåast avtale mellom utbyggjar og fylkeskommunen i kvart einskild tilfelle. Det vert tilrådd at fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale om bruk av justeringsmodellen. Byrådet i Bergen har i byrådssak 1279/13 vedteke at Bergen kommune kan inngå avtalar etter justeringsmodellen.

Det er mogeleg å påleggja utbyggjar å dekka fylkeskommunen sine administrative kostnader med slike avtalar. I Bergen kommune er det byråden som avgjer om og i tilfelle kor mykje utbyggjaren skal betala. Fylkesrådmannen foreslår at dette også i fylkeskommunen vert vurdert i samband med inngåing av dei einskilde avtalane. I dei fleste tilfelle vil dette vera relativt små kostnader for fylkeskommunen.